

Årsmelding Bømlo Tur- og Sogelag for året 2022.

Styret

Styret i Bømlo Tur- og Sogelag har i året 2022 vore slik samansett:

Leiar: Bernt Emil Vika, nestleiar: Nils Peder Holme, kasserar: Anna Kristine Sætre, skrivar: Lars Inge Vestvik, styremedlem: Ivar Barane, styremedlem: Arvid Samdal, vara: Per Arne Barane, vara: Signe Lønning.

Årsmøte

Årsmøte i Bømlo Tur- og Sogelag for 2022 vart halde 17.03.2022 i kultursalen på bygdatunet.

Styremøte

I året 2022 vart det halde 10 styremøte i Bømlo Tur- og Sogelag. I alt har styret behandla 83 saker.

Møte med komiteane

18.01.2022: Møte med stinemnda om endring av trassen til Mørkedalsfjellet (Ådno).

25.04.2022: Møte med stinemnda om ei ordning med ansvarshavande for den enkelte sti.

Resultatet av dette vart slik:

Roaldsfjorden til Dyrnes, Skippervik: Bertha Marie Eidesvik og Ellen Vold.

Ådno: Bertha Marie Eidesvik, Monica Synnevåg og Svein Kallevåg.

Melkevik: Sten Helge Vold og Trond Kolbjørnsen.

Kyrkjestien: Bjarne Sørenes, Geir Inge Kårbø og Kjell Henning Vestvik.

Bergeseidet: Bjarne Sørenes og Geir Inge Kårbø.

Roaldsfjorden: Erlend Nilssen, Trond Kolbjørnsen og Sten Helge Vold.

Turstikonkurransen "Trimpoeng", samt generell rydding og merking av stiane vart òg drøfta på møtet.

16.08.2022: Møte med arrangementsnemnda om jubileumsfesten (Bømlo Tur- og Sogelag 50 år) den 15.10.2022. Rune Larsen engasjert.

Organiserte møter med restaureringsnemnda har ikkje blitt gjennomførte dette året. Leiar og andre styremedlemer har halde kontakt med komiteen ved besøk under arbeidet med restaurering av husa.

Vedlikehald

Bergehuset: I løpet av året 2022 har ny fin kjøkkeninnreing vorte sett opp i Bergehuset. Det har i tillegg vore utført mykje malararbeid innvendig, spesielt i andre høgda. Resultatet har blitt veldig bra. To nye utelys er monterte på huset. Dei ansvarlege for Bergehuset møter stort sett opp til dugnad éin gong i veka og gjer eit framifrå arbeid.

Saga: Ved Vorlandssaga er det sett opp ein vinsj til å sveiva opp tømmer frå sjøen til sagbenken. Saga er elles ferdig restaurert.

Kvernhuset i Vorlandsskogen: Restaureringsarbeidet på kvernhuset i Vorlandsskogen har halde fram også i 2022. Etter at sjølve huset var ferdig, har kvernbenken, kvernsteinane og kvernkallen kome på plass. Ny kvernkall er laga etter mål av den gamle. Arbeidet er nøyaktig og fint utført. Einar Pedersen har laga diverse beslag til kvernsteinane og kvernkallen. Ei vassrenne (slåk) gjenstår før restaureringsarbeidet med kvernhuset er ferdig.

Fridtun: Arbeidet med å innreia loftet er no ferdig. Ein dugnadsgjeng kom hausten 2022 i gang med å flytta gjenstandar frå hovudetasjen og opp på loftet der ein vil laga til ei ny utstilling. Samtidig starta ein omorganisering av utstillinga i hovudetasjen. Målet er å bli ferdig med utstillinga til 17. mai 2023.

Hilleborgstova: I Hilleborgstova har det i 2022 vore utført vanleg tilsyn og reinhald.

Karinestova: I Karinestova vart det hausten 2022 oppdaga ein roten bærebjelke i skuten.

Johannes Særsten i Særsten Byggrestaurering var og såg på skaden den 27.11.2022, og det vart lagt planar for å utbetra skaden.

Ådnahytta: Utedøra i Ådnahytta har lenge vore i dårleg forfatning, og hausten 2022 vart ny dør bestilt hos Bømlo Bygg AS. Døra vil bli montert så snart det let seg gjera.

Fyrlykta: Fyrlykta vart hausten 2022 sandblåst og grunna.

Arrangement

Den 11.03.1972 vart Bømlo Tur- og Sogelag stifta, og runda altså 50 år i 2022. Det vart i samband med jubileet laga til ein fest i Bygdatunet den 15.10.2022, der Rune Larsen og kona Anne Veddeeng var hovudattraksjonen. Arrangementsnemnda hadde laga til ein fin fest, og rundt 90 personar deltok på festen.

Arrangementet "Skjærtorsdag på Berge" kunne dette året ikkje gjennomførast ettersom Bergehuset på den tida var under restaurering.

Turstiane

Dei fleste turstiane i Bømlo Tur- og Sogelag si "eige" er no merka med oppslagstavler og retningspilar. I 2022 vart desse stiane ferdig merka: Stien til Melkevik på Vestre Vika og stien til Mørkedalsfjellet (Ådno). Når det gjeld stien til Mørkedalsfjellet, vart startpunktet pga. parkeringstilhøva flytta frå Kalavåg til idrettsbanen. Den nye traseen er merka med Bømlo Tur- og Sogelag sine skilt og oppslagstavler.

Turstiar som no manglar skilt er Andal - Bergeseidet - Hjertnesvågen og Berge - Bergeseidet. Når det gjeld Kyrkjestien, vart denne fint merka med raude merke til 400-års jubileet for gamlekyrkja 15.05.2022.

Leidarsteidn

Årshftet Leidarsteidn var klar for sal 03.11.2022. Haugesund Bok og Offset stod for trykkinga. Heftet vart lagt ut for sal på Spar Bømlo, Bømlo Bil, Joker Espevær, Vikse Norli på HSD-senteret og Joker Finnås. På julemessa i Bygdatunet hadde sogelaget ein stand der årets hefte pluss gamle utgåver var for sal. Salet av Leidarsteidn gjekk svært bra, med rundt 600 selde eksemplar.

Gåver

Ein gammal bibel vart gitt av Mette Lodden. Blir plassert på Fridtun.

Ein del gjenstandar etter Kari Shetelig Hovland vart gitt av Olav og Reidun Hamre. Dette var ein skrivepult, skrivemaskin, eit portrettbilete av Kari Shetelig Hovland, eit par beksaumsko og fleire bøker/bokseriar. Plassert i utstillinga på Fridtun.

Pengegåver

Tilskot på kr 10.000 frå Eidesvik Laks AS.

Tilskot på kr 10.000 frå Eidesvik Havfiske AS.

Tilskot på kr 10.000 frå Bømlotrål AS.

Tilskot på kr 10.000 frå Bremnes Seashore AS.

Tilskot på kr 10.000 frå Stiftelsen Simon Eidesviks Minne.

Tilskot på kr 5.000 frå Trygvason AS.

Tilskot på kr 10.000 frå Finnås Kraftlag AS til utbetring av Karinestova.

Tilskot på kr 25.000 frå Haugesund Sparebank til skilting av turstiane.

Utleige

Bergehuset vert leigd ut med jamne mellomrom til ei lita gruppe som driv med husflidsaktivitetar. Elles nokre mindre arrangement.

Besøk

Den 07.04.2022 var ei lita gruppe frå Bømlo Tur- og Sogelag (Nils Peder Holme, Arvid Samdal, Svein Eide og Bernt Emil Vika) på besøk til Moster Sogelag for å sjå på museet deira. Marit Ingvaldsen orienterte om museet og guida rundt i utstillinga. Imponerende kva Moster Sogelag har fått til.

Representasjon

Ivar Barane deltok på Bømlo kommune sitt dialogmøte 27.04.2022.

Bømlo, 20.01.2023

Bernt Emil Vika

Leiar Bømlo Tur- og Sogelag